



Likelydande brev til:

Vestland fylkeskommune  
Blom Fiskeoppdrett AS  
Lerøy Vest AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom N Pedersen, 5557 2119

## Trong supplering av søknadane om etablering av nye akvakulturanlegg i Mangersfjorden

Vi viser til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS og Lerøy Vest AS om etablering av nye anlegg for oppdrett av laks og aure ved Skjelanger og Gjerdneset i Alver kommune. Søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS er datert 03.12.2021 og oversendt frå Vestland fylkeskommune den 09.12.2021. Søknad frå Lerøy Vest AS er datert 04.01.2022 og oversendt frå Vestland fylkeskommune den 10.01.2022.

### Endeleg planvedtak og vurdering etter vassforskrifta § 12

Statsforvaltaren hadde motsegn til kommunedelplanen grunngjeve med omsynet til naturmangfald ikkje var tilstrekkeleg handsama i kommunedelplanen. Etter mekling fatta Kommunal- og distriktsdepartementet<sup>1</sup> (KDD, tidlegare KMD) vedtak at planen kunne vedtakast. Departementet føresette m.a. følgjande som vilkår for at kommunen kunne gjere endeleg vedtak av planen:

*Kommunal- og moderniseringsdepartementet legg til grunn at det i sakshandsaminga etter akvakulturlova vert vurdert kva plassering, driftsmetodar og teknikk som skal tillastast for å unngå skadar på naturmangfaldet, jamfør naturmangfaldlova § 12.*

*I tilfelle kor arealbruken eller andre rammer for tiltaket vert fastlagd i overordna plan, skal vurderingar etter vassforskrifta § 12 gjerast også på overordna nivå så langt kunnskapen gjer det mogleg.*

*Departementet vurderer at det i denne saka ikkje føreligg detaljert nok informasjon til å gjere ein vurdering etter vassforskrifta § 12. Departementet føreset difor at dette vert gjennomført i handsaminga av saka etter forureiningslova.*

Areala er i kommunedelplanen sett av til kombinerte føremål der fiskeri, ferdsel, friluftsliv og akvakultur skal vere likestilte. Det inneber at Alver kommune må gjere vedtak om berre eit av føremåla etter planen skal kunne nytte arealet. Statsforvaltaren gir ikkje utsleppsløyve før

---

<sup>1</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Alver kommune – motsegn til kommunedelplan for Meland kommune. Brev til Statsforvaltaren i Vestland, 26.07.2021.



kommunen har gjort vedtak om einebruk av arealet, og at dei i det vedtaket har vurdert tiltaket etter §12 i vassdirektivet. Dette med medhald i forureiningslova §11 fjerde ledd.

### **Kartlegging av sårbart marint naturmangfald**

Konsekvensutgreiing som grunnlag for vedtak om kommunal arealplan skal i hovudsak bygge på eksisterande kunnskap. Når ein søknad skal handsamast etter sektorlovgivinga vil det krevjast meir detaljert kunnskap om konsekvensar for naturmangfald og vassmiljø. KDD skreiv i brevet til Statsforvaltaren: *Kommunal- og moderniseringsdepartementet legg til grunn at det i sakshandsaminga etter akvakulturlova vert vurdert kva plassering, driftsmetodar og teknikk som skal tillatast for å unngå skadar på naturmangfaldet, jamfør naturmangfaldlova § 12.*

Sølv om departementet har godkjent at områda i framlegget til kommunedelplan kan setjast av til kombinerte føremål, legg dei til grunn at dei detaljerte miljøtilhøva blir avklara i seinare sakshandsaming etter akvakulturlova.

Kartlegginga av marint naturmangfald er generelt mangelfull. Det er få registreringar i databasane vi har til rådvelde. Vi har erfart at sjølv unike førekomstar av sårbart marint naturmangfald ikkje er kjend for miljøforvaltninga når søknader skal handsamast. Vi kan her syne til erfaringa som vart gjort med etablering av nytt akvakulturanlegg på lokaliteten Husevågøy i Måløy kommune.

På lokalitetane Skjelanger og Gjerdneset er det gjort straummålingar og førehandsgranskningar etter NS9410:2016. Desse syner at Mangersfjorden er ein frisk fjord med god miljøtilstand. Den vil då vere eit godt område for marint naturmangfald.

Søknader på nye lokalitetar skal undersøke om lokaliteten har viktige førekomster av sårbart marint naturmangfald. Det vil vere naudsynt med både ROV granskning på lokaliteten og ei vurdering av påverknad på vill anadrom fisk. Opplegg for ROV kartlegginga kan med fordel gjerast samla for desse to lokalitetane. Endeleg opplegg for gjennomføring av ROV kartlegginga skal avklarast med Statsforvaltaren på førehand.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Tom N Pedersen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune    Postboks 4    5906    FREKHAUG

Mottakarliste:

BLOM FISKEOPPDRETT AS	Ulvøyvegen 130	5337	RONG
Lerøy Vest AS	Skipavika 54	5397	Bekkjarvik
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN